

# Prop. 35 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet for 2010 under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 19. november 2010,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet (OED) med framlegg til endringar i statsbudsjettet for 2010 i samsvar med kapittel 2. Departementet gjer vidare greie for bruk av fullmakter under petroleumsverksemda og Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE) i kapittel 3.

### 2 Endringar i statsbudsjettet for 2010

#### Kap. 1810 Oljedirektoratet

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast*

*Oppdrags- og samarbeidsverksemd*

Det blir foreslått å auke løyvinga knytt til Oljedirektoratets oppdrags- og samarbeidsverksemd med 3,4 mill. kroner. Endringa har hovudsakeleg samanheng med høgare aktivitetsnivå enn tidlegare budsjettet knytt til Norad og Diskos. Utgiftsauka blir motsvara av ei tilsvarande inntektsauke under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd. Det er uvisse knytt til omfanget av oppdrags- og samarbeidsverksemda.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 96,4 mill. kroner.

#### *Geologisk kartlegging i nordlege havområde*

Gjennom nordområdestrategien har Noreg ein ambisjon om å vere leiande på kunnskap for å styrke forvaltinga av havområda i nord. I denne samanheng er det viktig at norske styresmakter har kontinuitet i ressurskartlegginga.

Noreg har store havområde nord for 68. breiddegrads som per i dag ikkje er kartlagt tilstrekkeleg. Dette gjeld til dømes havområda ved Jan Mayen og deler av Barentshavet. Når det gjeld tidlegare omstridt område inn mot avgrensingslinja mot Russland, vil kartlegging måtte vente til etter ratifisering og ikraftsetjing av delelinjeavtala. I desse havområda er det naudsynt med meir kartlegging mellom anna for å kunne gjennomføre ressursutrekningar av petroleumpotensialet.

Det er behov for å samle inn seismiske data. Kartlegginga vil skje i regi av Oljedirektoratet. Dette vil gi norske styresmakter styrka geologisk kunnskap og forståing av områda.

OD har i første omgang foreslått å kartlegge nord for 68. breiddegrads gjennom innsamling av 2D-seismikk over to sommarsessongar. Kostnadene er rekna til 100 mill. kroner det første året og 80 mill. kroner det andre året.

Det blir difor foreslått at OD i 2010 blir gitt ei fullmakt til å inngå kontrakt med eit seismikkfartøy for 2011. På bakgrunn av dette blir fullmakta til å pådra forpliktingar utover gitt løyving foreslått auka frå 10 til 110 mill. kroner, jf. Forslag til vedtak II.

## **Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat**

### *Post 01 Driftsutgifter*

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1 mill. kroner. Endringa har samanheng med auka utgifter knytt til mellom anna konsulentoppdrag, ekstra transportkostnader (helikopter) og overtidsgodtgjering i samband med dei ekstraordinære flaum- og skredhendingane i Nord-Noreg tidlegare i år, mellom anna i Vefsn og Lyngen.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 405,45 mill. kroner.

### *Post 22 Flaum- og skredførebygging, kan overførast, kan nyttast under post 60*

Det blir foreslått å auke løyvinga med netto 2 mill. kroner.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 24 mill. kroner i samband med flaum- og skredhendingane i Nord-Noreg tidlegare i år. Aukinga er mellom anna knytt til sikring av busetnad, geotekniske undersøkingar og kartlegging. Vidare er aukinga knytt til prioriterte hastetiltak som følgje av flaum- og skredhendingane. Etter sørpe- og flaumskreda i vår er det eit stort behov for hastetiltak i Nord-Noreg, spesielt i småvassdrag der skadepotensialet ved nye flaumar er stort. Hastetiltaka er preventive tiltak som skal hindre at nye mindre hendingar, spesielt i småvassdrag i same område, gir store skadar. Hastetiltaka består av opprydding, gjenreising og reparasjonar av eksisterande sikringstiltak. Tiltaka vil også føre med seg auka inntekter som følgje av distriktsbidrag, jf. kap. 4820, post 40.

I tillegg blir det foreslått å omdisponere 22 mill. kroner til kap. 1820, post 60. Omdisponeringa har samanheng med at enkelte kommunar gjennomfører skredsikrings-, flaum- og miljøtiltak i eiga regi, i staden for at arbeidet blir gjennomført i regi av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). NVE vil gi eit nettotilskot til desse kommunane, jf. kap. 1820, post 60. Omdisponeringa fører også til ein reduksjon i budsjettet distrikts-

bidrag som følgje av at støtta til kommunane blir gitt som nettotilskot, jf. kap. 4820, post 40.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 122,8 mill. kroner.

### *Post 60 Tilskot til skredførebygging, kan overførast, kan nyttast under post 22*

Det blir foreslått å auke løyvinga med totalt 20,6 mill. kroner.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 17,6 mill. kroner som følgje av omdisponering av midlar frå kap. 1820, post 22. Omdisponeringa har samanheng med at enkelte kommunar gjennomfører skredsikrings-, flaum- og miljøtiltak i eiga regi, i staden for at arbeidet blir gjennomført i regi av NVE. NVE vil gi eit nettotilskot til desse kommunane, jf. kap. 1820, post 22. Omdisponeringa fører også med seg ein reduksjon på 4,4 mill. kroner i budsjettet distriktsbidrag som følgje av at støtta til kommunane blir gitt som nettotilskot, jf. kap. 4820, post 40.

Vidare blir det foreslått å auke løyvinga med 3 mill. kroner. Endringa har samanheng med at driftsutgiftene for overvakkinga av det skredfarlege fjellpartiet Nordnes er større enn det ein først rekna med. Det er behov for å auke driftsmidlane for å unngå stans i overvakkinga. Dette er viktig for tryggleiken i kommunane i området. Stans ville gitt hòl i måleseriane og manglande grunnlag for å avgjere terskelverdiar. Utan å kunne fastsetje terskelverdiar vil ikkje kommunane kunne fullføre beredskapsplanen.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 40,6 mill. kroner.

## **Kap. 1833 CO<sub>2</sub>-handtering**

### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast*

#### *CO<sub>2</sub>-handtering på Kårstø*

Det blir foreslått å redusere løyvinga til arbeidet med CO<sub>2</sub>-handtering på Kårstø med 40 mill. kroner.

Det er sidan 2006 utført eit omfattande arbeid med å greie ut løysingar for fangst og lagring av CO<sub>2</sub> frå Kårstø. Det samla arbeidet vil danne grunnlaget for den vidare handsaminga av prosjektet. Spørsmålet om reinsing av klimagassutsleppa på Kårstø vil bli vurdert opp mot andre klimatiltak i arbeidet med ei stortingsmelding om klimapolitikken. Årsaka til reduksjonen i løyvinga er at arbeidet med ulike utgreiingar har kravd mindre ressursar i 2010 enn det ein først rekna med.

### *Fullskala CO<sub>2</sub>-handtering på Mongstad – Mongstad Steg 2*

Det er for tida eit stort arbeid på gong med å planleggje og førebu fullskala fangst av CO<sub>2</sub> frå kraftvarmeverket på Mongstad. I Prop. 1 S (2010-2011) la regjeringa fram ny informasjon som gjorde greie for mogleg usikkerheit kring planane for ein raskast mogleg utbygging av fullskala CO<sub>2</sub>-fangst. I Prop. 125 S (2009-2010) og Prop. 1 S (2010-2011) blei det gjort greie for erfaringar og kunnskap frå planleggingsarbeidet med prosjektet. Læringa til no viser at det er mange tekniske, økonomiske og kommersielle utfordringar ved å bygge og drive eit fullskala anlegg for CO<sub>2</sub>-fangst på Mongstad. Det er òg retta stor merksemd og interesse for prosjektet, som er blant dei som har kome lengst i planlegginga internasjonalt. Regjeringa legg vekt på at arbeidet med fullskala CO<sub>2</sub>-fangst på Mongstad skal vere eit viktig steg vidare i utviklinga av teknologi som kan redusere utsleppa av klimagas-sar. Samstundes må den vidare gjennomføringa av prosjektet skje på økonomisk og teknisk forsvarleg måte. Det blir lagt opp til at arbeidet med å kvalifisere amin-teknologiar vil fortsette slik at desse teknologiane kan møte utsleppskrava for amin som vil bli stilt i framtida. Samstundes vil regjeringa vurdere om det bør leggast til grunn alternative løysningar for den vidare prosjektgjen-nomføringa som òg omfattar ei eventuell opning for alternative teknologiar. Dette kan medføre at prosjektplanlegginga som er byrja kan ta lengre tid og at planleggingskostnadene dermed aukar. Målet er å sikre eit godt investeringsgrunnlag. Som varsla i Prop. 1 S (2010–2011), vil regjeringa kome tilbake til Stortinget med ein nærmare gjennomgang av arbeidet med CO<sub>2</sub>-fangst på Mongstad. Regjeringa tek sikte på å gjere dette tidleg neste år.

I Prop. 125 S (2009-2010) blei det gjort førebels-je justeringar av budsjettbehovet for 2010 som føl-gje av endra framdriftsplan. Endringa i framdrifts-planen førte med seg at tidlegare planlagde aktivitetar blei flytta. Basert på arbeid som er gjort i haust, er budsjettkonsekvensane av den endra framdriftsplanen ytterligare justert. Det blir fore-slått å redusere løyvinga til fullskala CO<sub>2</sub>-handte-ring på Mongstad med 180 mill. kroner.

### *Transport og lagring av CO<sub>2</sub> frå Mongstad*

Arbeidet med planlegging og førebuing av trans-port og lagring av CO<sub>2</sub> er samordna med arbeidet med fullskala fangst av CO<sub>2</sub> frå Mongstad. Etter at det tidlegare i år blei bestemt ein revidert fram-

driftsplan, jf. Prop. 125 S (2009-2010), er fram-driftsplanen for arbeidet med transport og lagring også revidert. Som følge av dette er aktivitetar som opphavleg var planlagt i 2010, flytta til 2011. Dette gjeld mellom anna oppbemanning av pro-sjektet og gjennomføring av studiar.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 176 mill. kroner knytt til transport og lagring av CO<sub>2</sub> frå Mongstad.

### *Oppsummering*

I tillegg til nemnde endringar er det òg grunnlag for å redusere løyvinga til ekstern bistand med 4 mill. kroner.

På bakgrunn av dei nemnde forhold blir løy-vinga foreslått redusert med totalt 400 mill. kro-nær.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 398 mill. kroner. Totalt disponibelt budsjett under posten, inkludert overførte midlar frå 2009, utgjer om lag 680 mill. kroner for 2010.

### *Post 72 Lån, TCM DA, kan overførast*

Gassnova har rapportert oppdaterte tidsfordelte overslag knytt til finansieringsbehovet for TCM DA i samband med investering i og driftsførebuing av teknologisenteret på Mongstad. Statens del av finansieringsbehovet for 2010 ligg an til å kunne reduserast i høve til tidlegare overslag og overslaget for 2011 ser ut til å auke. Gassnova opplyser at tidsfordelinga av budsjettet er usikkert og kan bli endra. Regjeringa foreslår difor ikkje å redusere løyvinga for 2010, men at budsjettposten merkast "kan overførast" for å handtere usikkerheit når det gjeld tidsfordeling av utbetalingane, jf. Forslag til vedtak III. Departementet vil kome til-bake med oppdaterte budsjettoverslag for 2011 i revidert budsjett til våren. Totalestimatet for investering i testsenteret (5 213 mill. kroner eks. mva) er ikkje endra i høve til det Stortinget er informert om i Prop. 1 S (2010-2011).

### **Kap. 2440/5440 Statens direkte økono-miske engasjement i petroleumsvirksemda**

Forslag til nye løyvingar er basert på ein oppda-tert prognose for 2010 frå Petoro AS. Prognosene frå Petoro er basert på rekneskapsføring per 30. september 2010 og overslag for resten av året.

Overslaget for kap. 2440, post 30 Investeringar er samla redusert med 5 000 mill. kroner, frå 24 000 til 19 000 mill. kroner. Det er venta reduserte inves-

teringar mellom anna på grunn av utsette boreaktivitetar og utbyggjingsinvesteringar på fleire felt. Det er framleis knytt stor uvisse til korleis det vidare investeringsbilete blir i fjerde kvartal 2010.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er redusert med 3 700 mill. kroner, frå 157 700 til 154 000 mill. kroner. Endra prinsipp for handsaming av inntekter frå gassverksemda i USA reduserer driftsinntektene, jf. underpost 24.2 Driftsutgifter. Det er òg venta lågare oljeinntekter for 2010 på grunn av lågare volum og prisoverslag. Det er no lagt til grunn ein gjennomsnittleg oljepris på kr 468 per fat for 2010. I revidert budsjett 2010 vart det lagt til grunn ein gjennomsnittleg oljepris på kr 475 per fat. Vidare er det venta høgare gassinntekter på grunn av høgare overslag på både volum og pris.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er redusert med 3 900 mill. kroner, frå 36 300 til 32 400 mill. kroner. Endringa skuldast endra prinsipp for føring av kostnad som følge av kjøp av gass til SNG (Statoil Natural Gas) verksemda i USA, frå bruttometen til nettoføring av resultatdelen. Dette er òg avspeglia som redusert driftsinntekt, jf. underpost 24.1 Driftsinntekter.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter er redusert med 200 mill. kroner, frå 2 500 til 2 300 mill. kroner.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.4 Avskrivningar er redusert med 700 mill. kroner, frå 14 000 til 13 300 mill. kroner. Reduserte investeringar er hovudårsaka til reduksjonen i avskrivingane.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.5 Renter av statens kapital er redusert med 400 mill. kroner, frå 7 000 til 6 600 mill. kroner. Endringa skuldast hovudsakleg oppdatering av overslag for statens faste kapital. Overslaget for kalkulatorisk rente for 2010 er basert på ein rentesats på 3,42 pst.

Endringane nemnd ovanfor fører til at kap. 5440, post 24 Driftsresultat aukar netto med 1 500 mill. kroner, frå 97 900 til 99 400 mill. kroner.

Kap. 5440, post 50 Overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond er budsjettert til 733 mill. kroner i faktiske utbetalingar i 2010 knytt til skadar og bortfall av inntekt på grunn av stopp i drifta på nokre felt.

Tabell 2.1 Endringar under kap. 2440/5440 Staten,s direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (i mill. kroner)

Kap./post			Gjeldande løyving <sup>1</sup>	Forslag til ny løyving	Endring
Underpost	Nemning				
2440	30	Investeringar .....	24 000	19 000	-5 000
	50	Overføring til Statens petroleumsforsikringsfond	1 594	1 594	
Sum kap. 2440			25 594	20 594	-5 000
5440	24.1	Driftsinntekter.....	157 700	154 000	-3 700
	24.2	Driftsutgifter .....	-36 300	-32 400	3 900
	24.3	Leite- og feltutviklingsutgifter .....	-2 500	-2 300	200
	24.4	Avskrivningar.....	-14 000	-13 300	700
	24.5	Renter av statens kapital.....	-7 000	-6 600	400
	24	Driftsresultat .....	97 900	99 400	1 500
	30	Avskrivningar.....	14 000	13 300	-700
	50 (Ny)	Overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond	0	733	733
	80	Renter av statens kapital.....	7 000	6 600	-400
	89	Oppgjer etter garantierklæring	875	875	0
Sum kap. 5440			119 775	120 908	1 133

**Tabell 2.1 Endringar under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (i mill. kroner)**

Kap./post Underpost	Nemning	Gjeldande løyving <sup>1</sup>	Forslag til ny løyving	Endring
Kontantstraum frå SDØE:				
	Innbetalingar <sup>2</sup> .....	158 575	155 608	-2 967
	Utbetalingar <sup>3</sup> .....	64 394	55 294	-9 100
	Nettokontantstraum frå SDØE	94 181	100 314	6 133

<sup>1</sup> Gjeldande løyving for 2010 er basert på Stortingets løyvingsvedtak av 7. desember 2009 og seinare endringar i 2010 (revidert budsjett), jf. Prop. 125 S og Innst. 350 S (2009-2010).

<sup>2</sup> Innbetalingar = driftsinntekter + overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond + oppgjer etter garantierklæring.

<sup>3</sup> Utbetalingar = driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader + investeringar + overføring til Statens petroleumsforsikringsfond.

Desse endringane medfører samla sett at netto kontantstraum frå SDØE blir auka med 6 133 mill. kroner, frå 94 181 til 100 314 mill. kroner.

#### *Statens petroleumsforsikringsfond*

Regjeringa vil, som varsla i Prop. 1 S (2010-2011), leggje fram forslag om å avvikle Statens petroleumsforsikringsfond. Denne saka vil bli fremma i Finansdepartementets proposisjon Ny saldering av statsbudsjettet 2010. På denne bakgrunn blir det ikkje foreslått noka endring i overslaget på premie for 2010. Det vil heller ikkje bli føreteke noka justering for faktisk premieinnsparing for 2010 i samband med revisert budsjett 2011.

#### **Kap. 2490 NVE Anlegg**

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.1 Driftsinntekter blir foreslått auka med 6 mill. kroner, frå 54

til 60 mill. kroner. Driftsinntektene er venta høgare enn det ein først rekna med på grunn av høgare produksjon, hovudsakleg i Region Sør og knytt til eksterne prosjekt.

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.2 Driftsutgifter blir foreslått auka med 6,2 mill. kroner, frå 47,3 til 53,5 mill. kroner. Driftsutgiftene er venta høgare enn det ein først rekna med på grunn av økte materialkostnader og innkjøp av framandytingar.

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.3 Avskrivningar blir foreslått redusert med 0,2 mill. kroner, frå 5,6 til 5,4 mill. kroner. Avskrivingane er venta lågare enn det ein først rekna med på grunn av at ein dumper som skulle leverast i 2009 ikkje blei levert før i 2010. Dei budsjetterte avskrivingane knytt til dette utgiftsbeløpet fell difor bort.

#### *Post 24 Driftsresultat*

**Tabell 2.2 Endringar under kap. 2490 NVE Anlegg (i 1 000 kr)**

Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande overslag	Nytt overslag	Endring
2490 24.1	Driftsinntekter .....	-54 000	-60 000	-6 000
24.2	Driftsutgifter.....	47 300	53 500	6 200
24.3	Avskrivningar .....	5 600	5 400	-200
24.4	Renter av statens kapital .....	1 100	1 100	0
24	Driftsresultat	0	0	0

Ovannemnde endringar i underpostar fører ikkje med seg noka endring i det stipulerte driftsresultatet for NVE Anlegg under kap. 2490, post 24 i høve til gjeldande løying for 2010.

## Kap. 4800 Olje- og energidepartementet

### *Post 70 Garantiprovisjon, Gassco*

Løyinga blir foreslått redusert med 0,25 mill. kroner. Endringa har samanheng med at forsikringspremien på Gasscos ordinære ansvarsforsikring for 2010 er venta å bli lågare enn det ein tidlegare rekna med. Garantiprovisjonen er satt til 70 pst. av ordinær ansvarsforsikring.

Nytt forslag til løying blir etter dette 1,25 mill. kroner.

## Kap. 4810 Oljedirektoratet

### *Post 01 Gebyrinntekter*

Det blir foreslått å auke løyinga med 6,5 mill. kroner i høve til gjeldande løying for 2010. Gebyrinntektene skal mellom anna dekkje Oljedirektoratets utgifter i samband med handsaming og oppfølging av petroleumsregisteret og søknader om undersøkingsløyve og utvinningsløyve. Arbeidet med TFO 2010 og 21. konsesjonsrunde vil i hovudsak skje høvesvis i slutten av 2010 og første halvår 2011. Forslag til løyinga for 2011 under kap. 1810, post 01 er foreslått auka med 6,5 mill. kroner knytt til arbeidet med 21. konsesjonsrunde, jf. Prop. 1 S (2010-2011).

Nytt forslag til løying blir etter dette 23,9 mill. kroner.

### *Post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd*

Løyinga blir foreslått auka med 3,4 mill. kroner, jf. omtale og tilsvarande auking under kap. 1810, post 21.

Nytt forslag til løying blir etter dette 72,7 mill. kroner.

## Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

### *Post 01 Gebyrinntekter*

Løyinga blir foreslått redusert med 2 mill. kroner. Mindreinntekta i 2010 må sjåast i samanheng

med at det ble fakturert for mye knytt til dam-, beredskaps- og miljøtilsyn i 2009. Dette skal trekast ut av faktureringsgrunnlaget for 2010. Redusjonen har samanheng med lågare aktivitet innan tilsyn, mellom anna som følgje av sjukdom, permisjonar og lågare rekruttering enn venta.

Nytt forslag til løying blir etter dette 52,05 mill. kroner.

### *Post 40 Flaum- og skredførebygging*

Løyinga blir foreslått redusert med netto 2,7 mill. kroner.

Løyinga blir foreslått redusert med 4,4 mill. kroner knytt til reduserte distriktsbidrag som følgje av omdisponeringa frå kap. 1820, post 22 til post 60, jf. omtale under dei nemnde postane. Vidare blir løyinga foreslått redusert med 1,6 mill. kroner som følgje av at NVE i 2010 har gjennomført fleire prosjekt utan distriktsbidrag enn det ein først rekna med.

I tillegg blir løyinga foreslått auka med 3,3 mill. kroner som følgje av distriktsbidrag i samband med skreditiltaka i Nord-Noreg, jf. kap. 1820, post 22.

Nytt forslag til løying blir etter dette 24,55 mill. kroner.

## Kap. 4833 CO<sub>2</sub>-handtering

### *Post 80 Renter, TCM DA*

Det visast til Prop. 125 S (2009-2010) og omtala av salet av ein statlig del på 2,44 pst. i TCM DA til Sasol. Med bakgrunn i gjennomført sal av statens eigardel i TCM DA blir løyinga foreslått oppjustert med 0,75 mill. kroner knytt til faktisk innbetalte renter som har kome til statens del av utlånet som er overdratt til Sasol.

Nytt forslag til løying blir etter dette 9,05 mill. kroner.

### *Post 86 Avdrag, TCM DA*

Det visast til Prop. 125 S (2009-2010) og omtala av salet av ein statlig del på 2,44 pst. i TCM DA til Sasol. Med bakgrunn i gjennomført sal av statens eigardel i TCM DA blir 50,2 mill. kroner av innbetalninga frå Sasol foreslått løyva som ein reduksjon av utlånet til TCM DA som følgje av at ein del av lånet er overdratt til Sasol.

Det blir foreslått løyva 50,2 mill. kroner under ny post.

### **3 Bruk av fullmakter under petroleumsverksemda og SDØE**

I samband med den årlege handsaminga av statsbudsjettet gir Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet knytt til petroleumsverksemda og SDØE, jf. Prop. 1 S og Innst. 9 S (2010–2011).

Nedanfor gjer Olje- og energidepartementet greie for bruk av fullmakter i 2010.

#### **3.1 Fullmakt XII – Utbyggingsprosjekt på norsk kontinentsokkel**

Fullmakt for forenkla handsaming frå styresmaktena si side har blitt nytta ved fire høve i 2010:

##### *Trym*

Departementet mottok 20. oktober 2008 søknad om godkjennning av plan for utbygging og drift av Trym. Trym blir bygd ut med ein installasjon på havbotnen og knytta til Harald-plattformen på dansk sokkel. Her vil brønnstraumen bli prosessert for vidare eksport. Produksjonen er planlagt å ta til i november 2010. Rettshavarane i Trym er DONG E&P Norge AS (operatør) og Bayerngas Norge AS med 50 pst. kvar.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 2,6 mrd. 2010-kroner.

Plan for utbygging og drift for Trym vart vedteke ved kongeleg resolusjon 26. mars 2010.

##### *Marulk*

Departementet mottok 19. april 2010 søknad om godkjennning av plan for utbygging og drift av Marulk. Det er planlagt å bygge ut Marulk som ei undervassutbygging med ei fire slissers brønneramme på havbotnen med to brønnar. Brønnstraumen vil gå via ein røyrleidning til Norneskippet for prosessering. Produksjonen er planlagt å ta til i april 2012. Rettshavarane i Marulk er ENI Norge AS (operatør - 20 pst.), Statoil Petroleum AS (50 pst.) og DONG E&P Norge AS (30 pst.).

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 4 mrd. 2010-kroner.

Plan for utbygging og drift for Marulk vart vedteke ved kongeleg resolusjon 25. juni 2010.

##### *Gaupe*

Departementet mottok 6. mai 2010 søknad om godkjennning av plan for utbygging og drift av

Gaupe. Gaupe er i all hovudsak eit gassfelt med planlagt produksjon frå to brønnar. Produksjonen vil gå i røyrleidning til Armadaplattformen på britisk sokkel. Tilknyttingsløysinga for Gaupe vert dekkja av dei norsk/britiske avtalane for grenseoverskridande prosjekt.

Produksjonen er planlagt å ta til i fjerde kvartal 2011. Rettshavarane i Gaupe er BG Norge AS (operatør - 60 pst.) og Lundin Norway AS (40 pst.).

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 2,7 mrd. 2010-kroner.

Plan for utbygging og drift for Gaupe vart vedteke ved kongeleg resolusjon 25. juni 2010.

##### *Islay*

Departementet mottok 3. juni 2010 søknad om godkjennning av plan for utbygging og drift av Islay. Rettshavarane for utbygginga er Total E&P UK Ltd. (operator - 94,49 pst.) og Total E&P Norge AS (5,51 pst.). Tilknyttingsløysinga for Islay blir dekkja av dei norsk/britiske avtalene for grenseoverskridande prosjekt. Produksjonen er planlagt å ta til i slutten av 2011.

Dei totale investeringane er i utbyggingsplanen rekna til 1,07 mrd. 2010-kroner, der den norske delen av dette utgjer om lag 56 mill. kroner.

Utbyggingsplanen for Islay vart vedteke av Olje- og energidepartementet den 25. juni 2010.

#### **3.2 Fullmakt XIV – Overføring av eigardelar i utvinningsløyve**

Fullmakt knytt til overføring av eigardelar i utvinningsløyve vart nytta ved eit høve i 2010:

##### *Islay*

Olje- og energidepartementet godkjente 25. mai 2010 overføring av 30 pst. i utvinningsløyve 043CS og utvinningsløyve 043DS frå SDØE til Total E&P Norge AS. Utvinningsløyva utgjer den norske delen av Islayfeltet. Islay er eit lite felt der størsteparten av ressursane ligg på britisk sokkel (94,49 pst.). Feltet vil bli bygd ut som ein undervassutbygging tilknytta Alwyn North på britisk sokkel. Ved å overdra SDØE sine delar i utvinningsløyva til Total vil SDØE ikkje vere med på utbygginga av feltet. Staten mottok 4,6 mill. kroner for overføring av eigardelane i utvinningsløyvene.

**3.3 Fullmakt XV – Overføring og samordning av eigardelar i utvinningsløyve**

Fullmakt knytt til overdraging og samordning av eigardelar i utvinningsløyve vart nytta ved eit høve i 2010:

*Hasselmus*

Hasselmusfunnet ligg i utvinningsløyve 093 og utvinningsløyve 158. I følgje petroleumsloven § 47 skal rettshavarane, dersom ein petroleumsforekomst strekkjer seg over fleire blokker som ikkje har same rettshavarar, bli samde om den mest rasjonelle samordninga av verksemda knytt til førekosten og om fordelinga mellom utvinningsløyva. Rettshavarane vurderte ulike samordningsmodellar. Ei utjamning av eigardelane blei vurdert å vere den beste løysinga. For SDØE innebar den forenkla samordninga kjøp av 47,88 pst. del av utvinningsløyve 158, til kr 50 000, som svara til SDØE sin eigardel i utvinningsløyve 093. Olje- og

energidepartementet godkjende 4. desember 2009 at eigardelen til SDØE inngjekk i ei slik forenkla samordning av utvinningsløyva 093 og 158.

**3.4 Fullmakt XVI – Overføring av delar i røyrleidningar til Gassled**

Olje- og energidepartementet godkjente 25. mai 2010 overføring av Gjøa gassrøyrleidning til Gassled. Med verknad frå 1. juni 2010 er Gjøa gassrøyrleidning innlemma i Gassled. Statens del i Gassled er justert for å reflektere denne overføringa. Statens eigardel i Gassled er 38,435 pst. per 1. juni 2010.

Olje- og energidepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2010 under Olje- og energidepartementet.

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2010 under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

**Forslag**

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2010 under  
Olje- og energidepartementet**

## I

I statsbudsjettet for 2010 blir det gjort følgjande endringar:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1810		Oljedirektoratet	
21		Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med .....	3 400 000
		frå kr 93 000 000 til kr 96 400 000	
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
01		Driftsutgifter, blir auka med .....	1 000 000
		frå kr 404 450 000 til kr 405 450 000	
22		Flaum- og skredførebygging, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1820, post 60</i> , blir auka med .....	2 000 000
		frå kr 120 800 000 til kr 122 800 000	
60		Tilskot til skredførebygging, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1820, post 22</i> , blir auka med .....	20 600 000
		frå kr 20 000 000 til kr 40 600 000	
1833		CO <sub>2</sub> -handtering	
21		Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	400 000 000
		frå kr 798 000 000 til kr 398 000 000	
2440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda	
30		Investeringar, blir redusert med .....	5 000 000 000
		frå kr 24 000 000 000 til kr 19 000 000 000	
2490		NVE Anlegg	
24		Driftsresultat	0
		Spesifikasjon:	
		1 Driftsinntekter .....	-60 000 000
		2 Driftsutgifter .....	53 500 000
		3 Avskrivningar .....	5 400 000
		4 Renter av statens kapital .....	1 100 000
			0

**Inntekter:**

Kap.	Post	Formål	Kroner
4800		Olje- og energidepartementet	
	70	Garantiprovisjon, Gassco, blir redusert med .....	250 000
		frå kr 1 500 000 til kr 1 250 000	
4810		Oljedirektoratet	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med .....	6 500 000
		frå kr 17 400 000 til kr 23 900 000	
	02	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, blir auka med .....	3 400 000
		frå kr 69 300 000 til kr 72 700 000	
4820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med .....	2 000 000
		frå kr 54 050 000 til kr 52 050 000	
	40	Flaum- og skredførebygging, blir redusert med .....	2 700 000
		frå kr 27 250 000 til kr 24 550 000	
4833		CO <sub>2</sub> -handtering	
	80	Renter, TCM DA, blir auka med .....	750 000
		frå kr 8 300 000 til kr 9 050 000	
(NY)	86	Avdrag, TCM DA, blir løyvd med .....	50 200 000
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda	
	24	Driftsresultat, blir auka med .....	1 500 000 000
		frå kr 97 900 000 000 til kr 99 400 000 000	
		Spesifikasjon:	
	1	Driftsinntekter .....	154 000 000 000
	2	Driftsutgifter	-32 400 000 000
	3	Leite- og feltutviklingsutgifter ..	-2 300 000 000
	4	Avskrivningar .....	-13 300 000 000
	5	Renter av statens kapital .....	-6 600 000 000
			99 400 000 000
	30	Avskrivningar, blir redusert med .....	700 000 000
		frå kr 14 000 000 000 til kr 13 300 000 000	
(NY)	50	Overføring frå Statens petroleumsforsikringsfond, løyvd med .....	733 000 000
	80	Renter av statens kapital, blir redusert med .....	400 000 000
		frå kr 7 000 000 000 til kr 6 600 000 000	

**II****Fullmakt til å inngå forplikting ut over gitt løyving**

Stortinget samtykkjer i at Olje- og energidepartementet i 2010 kan pådra seg forpliktingar utover gitt løyving innanfor følgjande beløp:

Kap./Post	Nemning	Samla ramme
1810	Oljedirektoratet	
21	Spesielle driftsutgifter, kan overførast .....	110,0

**III****Tilføyning av stikkord**

Stortinget samtykkjer i at stikkordet «kan overførast» tilføyast løyvinga under kap. 1833 CO<sub>2</sub>-handtering, post 72 Lån til TCM DA, i statsbudsjettet for 2010.



